

Hovden: Tysdag 2.10

Kl. 17:30 - Månelyst i Flåklypa (Alle)

Kl. 19:30 - Battle (Alle)

Hovden: Tysdag 16.10

Kl. 17:30 - Smallfoot (2D Norsk tale / familiefilm)

kl. 19:30 - Johnny English Strikes Again (6 år)



Bykle: Onsdag 3.10

Kl. 18:00 - Månelyst i Flåklypa (Alle)

Kl. 20:00 - Battle (Alle)

Bykle: Onsdag 17.10

Kl. 18:00 - Smallfoot 2D Norsk tale / familiefilm

Kl. 20:00 - Johnny English Strikes Again (6 år)

For meir informasjon: www.bygdekinoen.no



Kulturkafèar i haust

Bykle samfunnshus **onsdag 24. oktober og onsdag 21. november. Alle dagar kl. 18:00**

Program og meir info finn du på

www.bykle.kommune.no

eller facebook;

<https://nb-no.facebook.com/Byklekommune/>

Vil du stå for maten på ein av kulturkafèane våre?

Maten bestemmer du – enkel eller avansert!

Lag og organisasjonar får garanti om minimumsinntekt på kr. 2.700,-. Ta kontakt med Unn Hovden om du er interessert eller for meir info.

Vi tek gjerne imot innspel til kulturprogrammet.

Helsing kultur & fritid

Gudstenester og møte



Facebook: Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Fjellgardane kyrkje

Gudsteneste.30.9 kl. 10:00

Gudsteneste 21.10 kl. 19:00

Kirkerottene borneteater 9.11 kl. 17:30

Familiegudsteneste 10.11 kl. 15:00

Bykle kyrkje

Gudsteneste 14.10 kl. 10:00

Gudsteneste 4.11 kl. 19:00

Gudsteneste 18.11 kl. 10:00

Normisjonsmøte 14.11 kl. 19:30 (kyrkjekjellaren)

Normisjonsmøte 15.11 kl. 19:30 (kyrkjekjellaren)

Gudsteneste 2.12 kl. 10:00



Møte i Trydal Bedehus tysdag 2 okt kl 18.00.

Vi får besøk av Landeskogen Omsorgssenter v/Egil Oseberg og bebuarane. Alle er hjarteleg velkomne.

Mvh Ruth Trydal

Gla`song-kveld i Skafsåheii Fjellkyrkje.

Laurdag 6.10 kl. 19:00 . Vi får besøk av glade musikantar:

Stein Otto Byggstøyl, Karl «Gutten» Bastiansen, Kåre Kaldrådstøyl og Arnfinn Øverland. Det vert kaffi og kaker og mykje song. Kollekt til drift av Fjellkyrkja.

Arr: Fjellkyrkjelaget

Klippen - Bykle

Møte søndag 14. oktober kl. 16:00. Hans Erik Haldorsen taler. Alle er velkomne.

Arrangør: Klippen pinsemenighet

Middagsfellesskap i Bykle kyrkje haust 2018

Me inviterer til middag i kyrkjekjellaren fylgjande dagar:

- Tysdag 9. oktober - komper,
- Tysdag 13. november (meny ikkje fastsatt)
- Tysdag 27.november: Dansk julebord

Middag frå kl 16:30. Pris kr 50,-/born gratis.

Velkomen!

Arr.: Soknediakonen



«Spaden må gå jamnt»

- Rui-jentene som møtte kongen.

Teater Fabel gjester oss med forestillinga som presenterer Ingerine og Gurine Schevenius frå den vesle plassen Rui langt oppe i lia over Dalen mot Eidsborg i Telemark. Dei to Rui-søstrene levde eit enkelt og nøysomt liv som kan skape undring og ettertanke i dag. Ein vil også finne mykje humor og varme. Ein viktig del av forestillinga er turen frå Dalen til Oslo då målet med reisa var å treffe kong Olav som hadde invitert dei til slottet.

Forestillinga varer i 1 t og 15 minutt og er nok mest tilpassa vaksne, men barn må gjerne vere med. Forhåndssal av billetter på www.ebillett.no til 200 kr + avgift, born gratis. Bykle samfunnshus **sundag 7. oktober kl. 17.00.**

Arrangør. Kultur & fritid | Folkeakademiet Bykle.

«Det ville ekstra!»

Foredrag med Lars Monsen

Lars Monsen kjem med sitt foredrag til Hovden grendehus, torsdag 11.oktober kl. 19. Han er ein svært populær foredragshaldar og er kjend for å trollbinde sitt publikum.

Monsen sine foredrag inspirera mange til å legge ut på små og store eventyr!

Billettsal på Hovden grendehus eller ebillett.no
Inngang kr 250. **Velkomen!**

Arr: Biblioteket og Bykle Jeger- og fiskeforening med støtte frå Nasjonalbiblioteket og Aust-Agder bibliotek og kuturformidling.



Bykle samfunnshus onsdag 24/10 kl. 18.00

Kveldens tema: Santiago de Compostela -

Reiseskildring gjennom bilder og musikk ved Nina Irslinger.

Nina er organist/pianist og lidenskapeleg hobby syklist. Ho har 2 gonger sykla pilegrimsvegen til Santiago de Compostela. Vegen er fleire hundre år gamal og byr på mykje historie, kunst, kyrkjer og kloster, variert landskap, fjell og sletter. Nina fortel om turen gjennom bilder og musikk. Ho spelar orgel/piano og har til foredraget plukka frå klassisk repertoar gjennom Spanias musikkhistorie, frå middelalderen til moderne tid.

På menyen: Signe Bitubekk serverar blodkurv med potet og kålrotstappe, fruktsuppe og surmelk. Kake og kaffi. Pris kr. 130,-/100,- for barneporsjon).

Velkommen!



FOREDRAG:

«Den siste resept» ved Aksel Fugelli

På veg mot døden skreiv Per Fugelli den svært personlege boka "Per dør", som handlar om å møte døden med opne auger. Samtidig handlar boka meir om å leve enn å dø. Eit av Pers siste ønske var at sonen, forfattaren Aksel Fugelli skulle ta med boka hans og bere bodskap om håp rundt i landet.

Bykle samfunnshus, måndag 29.10 kl. 18.30. Enkel servering. Inngang: kr 150, kr 100 for medlem av Folkeakademiet. Billettsal i døra.

Arr: Biblioteket og Folkeakademiet



Informasjon frå Bykle kommune

www.bykle.kommune.no

Byklaren

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Kommersielle hendingar i kommunen kan få ei redaksjonell omtale.

Byklaren kjem ut som følgjer i 2018:

- november (frist 15.10)
- desember (frist 15.11)

OBS: ny e-post adresse for innsending av stoff.

Send tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no

Politiske møte, sakspapir og protokollar

www.bykle.kommune.no/Innsyn

Planutvalet: 15.10, 12.11, 3.12 kl. 18:00

Formannskapet: 16.10, 13.11, 4.12 kl. 18:00

Kommunestyret: 22.10, 15.11, 29.11 og 6.12 kl. 18:00

[Høyr opptak frå Bykle sine kommunestyremøter.](#)

Ungdomsklubben «Shadow» i haust:

Jr-Shadow kl 1800-2030, (5. – 7. trinn)
10/10: Bykle og 24/10: Hovden

Shadow kl 1900-2200, (8. – 12. trinn)
12/10: Bykle og 19/10: Hovden

Følg oss på Facebook, i tillegg får føresatte SMS om det som skjer. Ungdomsarbeidar Harald von Krogh Alfstad

Bykle Kulturskule

Kulturskulen kan no tilby opplæring på fele/fiolin. Lærer Jorun Grøgård, bur i Bykle og er utdanna innan folkemusikk. Søknaadsskjema finn du på nettsida til Bykle kommune/Kulturskulen.

Støttekontakt

Pleie og hjelpetenesta ynskjer kontakt med ungdom/vaksne som kunne tenke seg å vere støttekontakt for personer med ulike behov. Ta kontakt med Pleie- og hjelpetenesta for meir info. Spørsmål kan rettast til tenesteleiar for pleie og hjelpetenesta Vidar Johnsen tlf. 37 93 86 51/ 41 42 03 01 eller avdelingssjukepleiar Ragnhild Hoslemo tlf. 37938653/47354904

Dagsenter

Kvar torsdag, bortsett frå den siste torsdagen i månaden, inviterer vi til dagsenter på Bykle alders- og sjukeheim. Meld deg på ved å ringe tlf 37 93 86 56 onsdagen før (mellom kl. 08 og 14). Opplys om namn, om du skal ha middag og om du treng skyss. Skyss er gratis og middag kostar 62 kr.

Barnetreff i Bykle frå 0-6 år!

Biblioteket i Bykle frå 11:00-13:00

Tysdag 2.oktober, Tysdag 30.oktober, Tysdag 27.november

Tema som omhandler barn og familie vert teken opp ved behov. Enkel servering og mykje hygge. Velkomen! Helsestasjonen i Bykle v. helsesøster Ingrid Bjønnes

Barsel- og småbarnstrim på Hovden

Barsel- og småbarnstrim på Hovden grendehus. Kvar torsdag frå 11:30-12:30 i gymsalen. Foreldre og barn mellom 0-4 år er velkomne! Helsestasjonen på Hovden v. helsesøster Ingrid Bjønnes

Kafétreff

På Bykle hotell torsdag 25/10, 29/11, 19/12
Frå kl 11.30 til 15.00. Middag/dessert & kaffi kostar 145 kr. Påmelding til Bente på tlf 37938655, seinast kl 15. dagen før.

Bykle helsesenter v/aktivitør

Fotpleiaren kjem 25/10 og 13/12 -18, om du ynskjer time til Lenette, er det bare å ringe Bente på 37938650/655.

- Evelyns Magasin frå Seljord kjem med klede kl. 11.00 den 18/10-18
- Seniorshop kjem med klede kl. 11.00 den 15/11-18

Alle som har lyst å kome for å sjå på klede er hjarteleg velkomne til Bykle helsesenter desse dagane.



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån – fre: 08:00 – 15:30

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no

Tømekalender

Restavfall: 24.10, 2.11, 19.12

Matavfall: 10.10, 24.10, 7.11

Glas/metall, papir og plast: 10.10, 7.11, 5.12

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30.

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.

Kontaktinfo: Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS.

T: 37930040 post@smg-iks.no Sjå www.smg-iks.no

Tannlegar

Bykle tannklinikk - 37938617, Bykle helsesenter.

Klinikken er open: Kl. 08:00 - 15:15

Oddetalsveker: tysdag, onsdag, torsdag, fredag.

Partallsveker: tysdag, onsdag.

Vi har ledig kapasitet og tek gjerne imot nye pasientar!

Hovden Tannklinikk, Hovdetun - Ring 37885588 for time.

30 års jubileum!

Fjellgardane husflidslag feirar bursdag på Hovdestøylen

onsdag 17.oktober kl. 19.

Gamle og nye medlem er velkomne, og alle skal ha fått invitasjon. Har du ikkje fått, kan du kontakte sekretær Kaja Tho på tel: 926 49 942 eller på epost: kajatho@online.no så fort som mogleg.

Velkomen!



Språkkafé på Hovden

Biblioteket, Hovden grendehus. Tysdag 30.oktober kl. 18. Velkomen til alle som vil øve på å snakke norsk. Velkomen også til nordmenn som vil bli kjent med sambygdingar. Enkel servering.

Arr: Biblioteket og Merete Egeland

Søker lesevenninne

Dame i 40-åra søker ei venninne som kan vere med på biblioteket for å lese ulike bøker slik at norsk-kunnskapane vert betre. Ønskjer ei tålmodig dame med humor og engasjement som bur i kommunen. Om dette er noko for deg, kontakt NAV Bykle v/Hedda Schaanning E-post: hedda.schaanning@bykle.kommune.no Mobil: 90134195



Gled deg til revy!

Premiera på Hovdenrevyen er fredag 2. 11, og det er forstillingar 3.11, 9.11 og 10.11.

Billettsal frå uke 40 på Hovden grendehus og ebillett.no.

Bjørro Hildebrandt er instruktør og Magnus Malmedal Drågen er musikalsk leiar.

Arr: Styret i Bykle og Hovden Teaterlag.



SPREKLEIKEN - MED KJETIL REKDAL

3. november kl. 13:00

Løypa i år består av: Balanse på benk, pillkast, sandsekk, rundballetrilling, Rekdal spesial, hoppetau, blåse ut lys mv.

Klassar: 3 stk. per lag

Barn/ungdom: 1.-4. klasse, 5.-7. klasse, 8.-10. klasse.

Dame og herre over 16 år

Individuell: Dame og herre over 16 år.

Påmelding til post@valle-il.no



Etter **Sprekleiken**, om lag kl. 16.00, held Kjetil Rekdal foredrag i Storstoga ved Valle Skule. Inngong kr. 100,-. Barn/skuleungdom/studentar kjem gratis inn. Det vert sal av mat og drikke. Det er og utdeling av premie for Postkasse-trimmen og Øvre Setesdal Cup.

Arr. Valle IL

Verdensdagen for psykisk helse

Verdensdagen for psykisk helse markerast i over 150 land den 10.oktober kvart år. Målet med markeringa er å auke kunnskapen om, og mobilisere til innsats for psykisk helse. Hausten 2018 ynskjer vi å markere *Verdensdagen for psykisk helse* også i Bykle Kommune. I år er temaet «**Ver raus**». Vi har i hovudsak prioritert arbeidsplassar som arbeider i direkte kontakt med kommunen sine innbyggjarar.



Markeringa vil bli gjennomført i veke 41.

I løpet av denne veka vil det vere fleire ulike markeringar rundt om i heile kommunen. Ta kontakt med arbeidsgruppa (Trude Mikkelsen og Ingrid Bjønnes) for markeringa i Bykle Kommune om du har spørsmål eller innspel.

Sjå: www.verdensdagen.no